

Foreldreutvalget ved Bagn Barnehage

Sør-Aurdal kommune  
Tingvoll  
2930 Bagn

## **Høringsuttalelse skolestruktur**

Vi tolkar det slik at vi kan uttale oss om både barnehage- og skolestrukturen.

### **Barnehagestrukturen**

Om det blir slik at Reinli skule blir lagt ned og bygningsmassen blir ledig, ser vi at denne bygningsmassen vil kunne vere eit godt grunnlag for å gi ein god barnehage etter at nødvendige arbeid har blitt gjort. Blant anna vil gymsal og sløydsal vere flotte rom i ein slik barnehage. Uteområdet rundt Reinli skule vil også egne seg godt for fysisk aktivitet etter at området har blitt utbetra og tilpassa barnehagebarn. Klimatisk vil Reinli vere et bedre alternativ enn Bagn sjølv om sola også her er borte ca. 8 veker i året.

Likevel ser vi mange utfordringar og ulemper ved ein nedleggjing av Bagn barnehage.

Den klart største utfordringa vil vere transport og parkering ved levering og henting av barn i Reinli. Vi forventar at det blir lagt tilrette slik at dette kan skje på ein sikker måte. Vi lurar på kva som er tenkt med parkering av bilar. Ser at dette kan bli ei utfordring.

Transporten vil vere eit stort problem for dei som ikkje har lov til å køyre bil. Mange av våre nye landsmenn vil ha behov for transport til barnehagen og mange av oss andre vil få ekstra utfordringar ved at no kan f.eks berre ein av dei vaksne levere i barnehagen. Ei løysing med barnehage i Reinli gir mange ekstra køyrde kilometer og er ei lite gunstig løysing med tanke på miljø og privatøkonomi for brukarane av barnehagen. Enkelte vil kanskje bli nøydd til å skaffe ein bil til. Andre vil kanskje føle at dei må bytte ut den bilen dei har med ein som dreg på 4 hjul for å ta fatt på «Reinlislina». Det totale økonomiske bildet vil truleg vere forholdsvis ugunstig om ein legg inn alle reelle utgifter og tidsfaktoren ved ekstra transport.

Vi mener at det i prinsippet bør vere barnehage i Bagn som er vårt kommunesentrum. Ein bør tilstrebe minst mogleg transport der dette let seg gjera. Bagn har mange fortrinn i nærområdet som vil bli borte ved flytting til Reinli. Nærleik til svømmehall, Fossvangområdet med blant anna skøytebane, folkebibliotek, bedrifter, butikkar m.m. Dette bruker barnehagen aktivt idag og det vil være eit tap for barna dersom dei mistar det.

Dei fleste foreldra kunne helst tenkje seg barnehage på Bagn. Når no kommunen har hamna i eit økonomisk uføre og må kutte kostnader, meiner vi at det er eit overkommeleg «offer» å legge ned Bagn barnehage og køyre ungane til Reinli. Ein førestnad for dette er imidlertid at kommunen sparer pengar ved å gjere dette, og at nødvendige tiltak med bygningsmassen, uteområdet og parkeringsplassen er vurdert og utbetra.

## Skulestrukturen

Også når det gjeld skulestruktur skulle vi sjølvsagt ønska oss at ting kunne halde fram slik som idag. Bagn skule er slik vi ser det passe stor for det elevgrunnlaget som er der no, og ei samanslåing med Reinli vil gje utfordringar med tanke på plass og arbeidsmiljø for store og små. Likevel ser vi at noko må gjerast når økonomien er dårleg og at det vil kunne vere mogeleg å samle Bagn-, Reinli-, Leirskogen- og Høleraelevane ved Bagn skule utan at ein treng investere alt for mykje. Alternativet med å dele skulen i to og ha småskuletrinnet i Reinli og mellomtrinnet på Bagn meiner vi vil vere den dårlegaste løysinga for ungene våre. Men dette er vel ikkje eit reelt alternativ meir.

Det største problemet med tanke på ei samanslåing av Bagn og Reinli er slik vi ser det gruppestoleiken på årgangen 03 og 04. Desse to gruppene er så store at dei bør ha tilgang til delingsrom for å tilfredstille mellom anna arealkrava. Korleis er dette tenkt løyst? Det er viktig å tenke fleksibel bruk og utforming av eksisterande og ny bygningsmasse slik at den kan vere med å løyse dei utfordringane det er med spesielt desse to store årgangane. Det er også viktig at desse blir tildelt store nok ressursar (pedagogar og assistentar) til å løyse dei ekstra utfordringane desse årgangane vil gi. Det vart stilt spørsmålsteikn ved garderobesituasjonen for neste års 1. klasse. Vi meiner det må leggast tilrette slik at alle skal kunne ha anledning til å kle seg samtidig.

Når det gjeld uteområdet på Bagn skule er ikkje dette spesielt bra. Om det kjem fleire elevar til skulen vil det vere behov for ein del oppgradering av uteområdet for å gje alle elevane eit godt aktivitetstilbod i friminutta. På sikt og i alle fall dersom skulen treng utvidast enno meir bør ein sjå meir mot Fossvang og det flotte området som vi har der.

Når ein no skal investere - stiller vi spørsmålsteikn ved den langsiktige tenkinga rundt dei endringane som no skal gjerast i bygningsmasse og kva som vil skje med Begnadalen skole på sikt. Vil dei påbyggingane vi gjer no vere tenelege om nokre år? Skulle vi gjort noko anna? Dette er vanskeleg men må også vurderast. Eigendommen gnr. 31 bruksnr. 21 rett bak skulen er til salgs. Vil denne tomte vere ei klok investering med tanke på ei eventuell framtidig utbygging? Er det rett å legge nye grupperom inn i ein skulegard som allereie er for liten? Burde det lagast ventilasjonsanlegg i den delen av skulen som manglar det for å utnytte dette arealet betre? Det er lett å stille spørsmål men vanskelegare å gje svar. Håper desse spørsmåla vi kjem med allereie er vurdert og at mange av dei fortsatt vil bli det.

Vi håper at det er ein god dialog mellom alle partar i den prosessen vi no er inne i. Vi håper også at alle dreg lasset ilag og at vi kan samarbeide om vårt felles mål. Nemleg at Sør Aurdal skal vere ein god stad å leve både for liten og stor.

Mvh

Foreldrerådet i Bagn Barnehage